



Fylkesmannen i Vestland

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato:	30.08.2019	Vår ref:	2019/15658
Dykkar dato:	05.08.2019	Dykkar ref:	19/1956

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon - Lindås - 177/56 - Nesse - oppføring av naust

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.08.2019. Saka gjeld dispensasjon frå krav om reguleringsplan for oppføring av naust.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen/reguleringsplan og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesetteste. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Etter det vi kan sjå er området er sett av til naust på land og småbåthamn i sjø. Den aktuelle nausttomta ligg i bratt terreng og det ser ut som det vil vere naudsynt med store terrengrinngrep for å realisere tiltaket. Ein reguleringsplan skal vurdere landskapsinngrep og kor det eventuelt er fornuftig å leggje nye naust.

Bit for bit utbygging av området vil også gjere det vanskelegare å få utarbeida ein reguleringsplan og kan føre til press på ytterlegare dispensasjonar i område.

På noverande tidspunkt kan vi ikkje sjå at fordelane er større enn ulempene. Fylkesmannen rår difor ifrå dispensasjon i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndigkeit har uttala seg negativt til søknaden, jf. tbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent